



Notat

Dato: 17.11.2017
Arkivsak: 2017/4934-10
Saksbehandlar: bjomidt

Til:	Utval for miljø og samferdsel Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Fjelbergsambandet - status for ferjeavløysingsprosjektet

Bakgrunn

Fylkesutvalet handsama 21.9.2017 saka «Ferjeavløysingsordninga – status og framdrift for ferjeavløysingsprosjekt», sak 225/17, og gjorde mellom anna slikt vedtak:

«Fylkesutvalet viser til pågåande planarbeid for Fjelbergsambandet som ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget i desember 2017 vil ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til dette prosjektet innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå i dialog med Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune om eventuell nedlegging av ferjesambandet til Utbjoa.»

Status for prosjektet

Det er gjort anslag og utarbeida ein reguleringsplan for Fjelbergsambandet. Anslaget for prosjektet er 988 mill.kr. på P50 nivå. Anslaget baserer seg ikkje på den dimensjoneringsklassen som Statens vegvesen har tilrådd. Det er også behov for å gjera arkeologisk registrering, slik planområdet er per i dag. Kvinnherad kommune opplyser at det er mogleg at planområdet vert endra. Planforslaget er på høyring med høyringsfrist 8. desember. Kvinnherad kommune har som mål å eigengodkjenna reguleringsplanen i komunestyret 21. desember.

Ferjeanløp Utbjoa

Rogaland fylkeskommune handsamar sak om synspunkt på eventuell nedlegging av ferjeanløpet Utbjoa i sak i samferdselsutvalet 22. november og i fylkesutvalet 28. november. Fylkesrådmannen i Rogaland si innstilling:

«1. Rogaland fylkeskommune vurderer konsekvensene ved å legge ned ferjeanløpene av Utbjoa å være begrensede med bakgrunn i de lave bil- og passasjertallene sambandet har.

2. Rogaland fylkeskommune forutsetter at Hordaland fylkeskommune foretar den nødvendige helhetsvurderingen av positive og negative konsekvenser ved en eventuell fastlandsforbindelse med tilhørende fergenedlegging.»

Fylkesrådmannen sin merknad

Fylkesrådmannen viser til at reguleringsplanen ikkje er godkjent og at prosjektkostnaden ser ut til å bli så høg at prosjektet må på ekstern kvalitetssikring (KS2) - jfr. krava i pkt. 3.3 i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga:

«3.3 Før søknaden kan behandlast endeleg, må det liggje føre ein godkjent reguleringsplan og ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/-10 prosent. Fylkeskommunen skal sørje for at det er gjennomført ei ekstern kvalitetssikring ved større prosjekt. Beløpsgrensa for kravet om ekstern kvalitetssikring er den same som grensa som til ei kvar tid gjeld for KS2 (Kvalitetssikring og kostnadsoverslag) i statlege prosjekt. Per desember 2016 var beløpsgrensa 750 mill. kroner.»

Om retningslinjene og søknadskrava for ferjeavløysing - sjå også eiga sak om Fv570 Masfjordbrua/Masfjordsambandet.

Fylkesrådmannen finn ikkje at det er grunnlag for å fremja sak i 2017 om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar innan for dagens ordning. Fylkesrådmannen har hatt nærkontakt med Kvinnherad kommune, som delar denne oppfatninga. Fylkesrådmannen er i prosess med Kvinnherad kommune om mogleg vidare framdrift i saka.